

# Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Østerøy

nr. 4, oktober 2005

*Helge Kolstad frå Bergen er tilsett som leiar for  
Kyrkjeleg Fellesråd. Kolstad tok til i stillinga 1.  
september i år. Kyrkjehesting vil ha eit intervju med  
den nye leiaren i julenummeret.*



# Kjelder

No ein ruskaverdag sat eg og bladde gjennom ein stor bunke av enkle dikt eg hev skrive på ulike turar i fjellheimen vår. Her fann eg fleire dikt skrive ved fjellbekker, og minna sviv forbi.

Dagen var svært varm og stille. Ingen linn bris som strauk kjærleg mot kinnet. Eg vandra i Høgfjellet og områda der ikring. Etter mange dagar med sol og varme var vatnet i småtjørnane lunka og stilleståande. Bekkene var turrlagde eller lunka dei og. Men eg visste om ein stad der bekken renn langt under torv og steinurd og alltid er kaldt og friskt. Der plar eg stogga, finna koppen fram or sekken og la dette gode vatnet fylla han fleire gonger. Her kan ein høyra dei koselege klukkelydane av rennande vatn. Og desse friske dropane leskar tunge og hals. Etter ei lita kvilestund kjenner ein oppkvikking i heile kroppen.

*Du sildrande fjellbekk med skiftande tonar  
der du hastar forbi.*

*Du sokjer mot fjorden, og blandar ditt vatn i elvar  
på vegen din dit.*

*Eg leska mi tunga og høyrd din song  
då eg kvila ved deg.*

*Eg veit at du kjem fram til fjorden ein gong  
om lang er din veg.*

*Dine leskande klårfriske dropar  
hev kveikt ein vandrar i dag.*

*Du renn kje til fånytte, bekk, i mot fjorden  
når nokon du kveikjer på veg.*

Kor godt at me kan finna slike kjelder på vegen vår og få nye krefter.

Tankane går vidare til salme 36 v. 10. "For hjå deg er livsens kjelde, i ditt ljós ser me ljós."

I Bibelen kan me og finna kjelder, gode ord, som gjev oss nytt mot og nye krefter til å gå vidare.

# Fridom

FN sin menneskerettserklæring seier: «Alle meneske er fødd frie - og alle har rett til eit liv i fridom og tryggleik.»

Nordmenn vil seia at vi lever i eit fritt land med demokati. Likevel trur eg vi må innrømma at ingen er 100% frie. Det er noko som bind oss på ein eller annan måte: fortida, det vi er redde for, tradisjonar, fordomar, krav og forventningar,... Vi kan tenkja på dei som driv med ekstremsport: det kan sjå ut som dei ikkje er redde for noko som helst. Men kjem vi litt under huda, ser vi at også dei kan ha ulike typar angst. Vi er kanskje ikkje så frie som vi gjerne viltru?

Då Jesus sa til sine samtidige at dei ikkje var frie, kjende dei seg temmeleg provoserte, ja, så mykje at dei tok opp steinar og ville kaste på Jesus. Joh. ev. 8,59. Han hadde bl. a. sagt til dei: «Den som gjer synd, er syndas træl. Får Sonen gjort dykk frie, då vert de verkeleg frie.»

Anten vi liker det eller ikkje, så har vi arvesynda i oss. Den har sitt grep om oss i det daglege livet vårt. Heile livet igjennom er det ting vi er bundne av på ein vond måte. Vi kan prøva å ha ein så fin fasade som mogleg, samtidig som vi kan bera på ein ikkje-sjå-inn-i-meg frykt. Jesu ord var: Vert de verande i mitt ord, er de rette læresveimane mine. Då skal de få kjenna sanninga, og sanninga skal gjera dykk frie.»

Sanninga gjer oss frie: Jesus kan gje oss mot og kraft til å innrømma livet slik det verkeleg har vore og no er. Den kan gi oss fridom ved at vi ikkje treng krampaktig tru på oss sjølv, men mot han som er kjent med oss 100%. For han er ingenting skjult eller sjokkerande. Vi kan få møta Jesus, ikkje med unnskuldingar og sjølvforsvar, men heller vedkjenna oss våre synder og dermed få tilgjeving for dei. Han kan setja oss fri frå syndas følgjer. Då ser vi i NT at menneske vart fri til å satsa på framtida. Vi kan tenkja så mykje på ting som kan koma til å skje i framtida - tenk om.. - at vi ikkje vågar satsa skikkeleg. Tenk om noko kjem susande inn i livet mitt og øydelegg noko av det eg har bygd opp og satsa på? (Eg har 11. september i tankane). Vert vi så opptekne av alt det som kan koma til å skje, er vi i all fall ikkje frie.

Så lenge vi lever her på jorda, vil vi aldri kunne verta heilt frie. Men vi kan ein dag få del i den fullkomne fridomen Jesus kan gje oss. Der vil alle kunne vera frie og leva eit liv i fridom og tryggleik!

*Brigt S. Skeie*

## OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RAD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar  
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

### Direkte innval:

Haldis Midtun	56 19 22 71
Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

### Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

### Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Anne Mari Persen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

### Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Berit Solberg

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Einar J. Selvik

Hosanger: Gyda Tveiten Lewis

### Kyrkjeheising redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Melvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve


Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

# Gå ikkje glipp av gudstenesta !

Av Ole Danbolt Mjøs

Ei av dei største gledene eg har er å gå til gudsteneste søndag føremiddag. Det har eg gjort i alle år. Ishavskatedralen i Tromsø er mi soknekyrkje. Det er eit privilegium å høyra til der. Viktor Sparres praktfulle glasmaleri av Jesu atterkome lyser mot kyrkjelyden.



**Gudstenesta er eit møte mellom Gud og menneske.** Guds ord blir lese. Det er ei kraft til frelse og nytt liv.

Preika kan ein lytte til om ein vil. Kunsten i kyrkja kan ein nyta. Salmesong og musikk kan lyfta deg mot himmelen. Eller du kan reflektera over livet.

Stilla i gudstenesta gjev rom for det. Det er viktig å ha eit fast tidspunkt i veka for ettertanke.

For meg er gudstenesta ei oppleveling som gjev kvardagen innhald og livet verdi. Derfor går eg regelmessig i kyrkja. Derfor ynskjer eg å anbefala den til alle. Gudstenesta gjev lækjedom for sinn og ånd.

**Kyrkja er for alle.** Kyrkjene i by og bygd i landet er klenodie. Gjer bruk av dei. Det er ein god søndagsvane for dei som har mogelegheit for det. – Mange har gode erfaringar frå sjømannskyrkjene. Deira nærliek til folket vinn gjenklang. Andre har besøkt misjonstasjonane våre og opplevd gudstenestefellesskapet der. Mange besøker kyrkjer kringom i verda som turistar.

**Kyrkja er universell.** I byrjinga av juli i år var eg til stades på to gudstenester i Johannesburg i Sør-Afrika. Ei av gudstenestene var i anledning av erkebiskop Desmond Tutu og frues gullbryllaupsfeiring.

Det var song, musikk, glede, fest og takk som prega gudstenesta i ei fullsett kyrkje, der også Nelson Mandela og frue var til stades. Og gullbrudeparet måtte gjenta truskapsløftet som dei gav for femti år sidan då dei ble vigde. Dagen etter var eg på gudsteneste i ei lita kyrkje i Aleksandra som er den fattigaste bydelen i Johannesburg. Song, musikk og spontanitet prega også denne gudstenesta.

**Gudstenste- erfaringa** frå Johannesburg har fylgt meg på feriestaden vår i Hosanger på Osterøy. Her har vi vore på gudsteneste i Hamre kyrkje og i Hosanger kyrkje. Begge kyrkjene er gamle, vakre og særmerkte. Gudstenestene her er annleis enn i Sør-Afrika. Dei er mindre spontane. Men fellesskapet er det same, og bodskapen om frelse og nytt liv er den same. Og mogelegheita for refleksjon og åndeleg påfyll var til stades i rikeleg monn både på Osterøy og i Johannesburg.

Så : Slå ring om gudstenester og møter i kyrkjer og bedehus i by og bygd. Gå ikkje glipp av gudstenesta.

(saksa frå Bergens Tidende )

# Ein jobb fullførd


I 1998 vart me i Haus sokneråd under sterkt tvil einige om å utvida kyrkjelydshuset i Haus, me visste alle at huset trengde å utvidast, men hadde me penger nok til å få det ferdig? Tida har vist at det hadde me. Huset sto ferdig sist haust og var vel eigentleg teke i bruk før det var heilt ferdig.

Ein ting som me har grua oss til å gjera ferdig var å få til ein uteplass utafor sjølve huset. Dette var sers viktig. Ikkje minst som ein rømingsveg i tilfelle brann....

No har dette problemet og løyst seg, og det takket vera ein mann, ein sers beskjeden mann som me alle veit ikkje liker å framheva seg sjølv. Me i Haus sokneråd tek likevel sjansen på å gjera det. Mannen eg talar om heter Øystein Askeland. Siden byrjinga av mai til midten av august har han trufast meste kvar dag vore å sjå utafor kyrkjelydshuset køyrande eller berande på stein spikrande på forskaling, blandande cement eller støypande. Når me veit at Øystein i sumar kunne feira 75-årsdag kan me tenka oss for eit karstykke han utførde. Rett skal væra rett. Øystein har heile tiden framheva at han var ikkje åleine om jobben. Her kan nemnast at under legging av skiferheller hadde han god hjelpe av Tor Lone, Magne Anttun, Trond Mættun og Nils Lygre. Dette var arbeide han sjølv ikke kunne Elles fekk han hjelpe til å køyra fram stein og sand med traktor av andre hjelpende nevar. Heile prosjektet er likevel administrert og ordna av Øystein. Det kan og nemnas at då fyrste byggetrinn av kyrkjelydshuset vart bygd var han ein av eldsjelane den gongen og. Me i soknerådet vil med dette rette ein takk til deg, Øystein, og til alle de andre som har vore med, både dei som er nemnd med navn og de andre.

Me i soknerådet er takksame for at så mange har vore ville til å gjera ein innsats. De har vore med å skapa verdiar som er viktige ikkje berre for oss i Haus, men for heile Osterøy Prestegjeld.  
**TUSEN TAKK!!!!**

**Einar J. Selvik**  
soknerådsleiar




Øystein Askeland

Ut fra den økonomiske situasjonen Osterøy kommune befinner seg i, har kommunen signalisert at Hausbygda selv må stå for finansieringen av ny trapp. Etter å ha forhørt oss med fagfolk, har vi kommet til at ny trapp i gråstein vil koste om lag 90.000,- kroner. Hvis arbeidet blir utført på dugnad, noe vi regner med å få til, vil prisen bli vesentlig billigere. Vi håper på under det halve.

For å få ferdig ny trapp innen rimelig tid, har vi i Haus sokneråd funnet ut at kun en kronerulling blant bygdas innbyggere er en realistisk måte å finansiere ny trapp på. De som er interessert i å gi en gave, stor eller liten, kan bruke:

**Konto 3632 53 643782  
"Ny kyrkjetrapp i Haus"**

Vi håper og tror at flest mulig er med å slå ring rundt kirken vår og støtter opp om tiltaket. Husk at om ikke så lenge er vi selv gamle og kanskje takknemlig for en skikkelig trapp. På forhånd takk.



# Soknepresten har ordet

## Ny kurs ?


Stortingsvalet er nett forbi. Dei som sigra i dette valet, har sagt at dei vil få landet på ein ny kurs. Dei må justera retningen landet har vore styrt i dei siste åra. Eg skal ikkje kommentera dette valet .. Det er eit anna val eg er oppteken av no. Bortsett frå Gjerstad som har gjennomført soknerådsval samstundes som Stortingsvalet, står soknerådsvalet for tur i haust. Valdeltakinga har vore låg. Sjølv om dei aller fleste i sokna har røysterett, så deltek dei ikkje i valet. Då overlet dei til andre å bestemma. Difor er mitt råd: Bruk røysteretten ! Eg trur ikkje dei fleste sokneråda treng nokon ny kurs. Eg vil heller snakka om ein

## Rett kurs !

Føremålsparagrafen for sokneråda er slik:

"Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv, særlig at Guds ord blir rikelig forkjent, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsundervisning, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, diaconi og kirkemusikk innarbeides og utvikles i soknet".

Sokneråda har fått ein kurs å styra etter. Ei slik målsetjing kan ta motet frå nokon kvar. Det fine med desse orda er at



dei fortel kva som er målet for arbeidet. Alle kan ikkje gjera alt, men alle kan gjera noko !

Lukke til med valet! Hugs at det er ei viktig oppgåve det skal veljast til !

**Johannes Melve**

## Frå kyrkjekontoret

På kyrkjekontoret har me stabsmøte kvar torsdag frå kl.8.30 til 10.00.

I denne tida er me ikkje råd å nå på telefon.

## Dåp.

Det høver med dåp desse dagane:

Haus:23/ 9 og 20/1

Bruvik: 27/11

Gjerstad: 25/9 og 13/11

Hamre 16/10 og 27/11

Hosanger : 9/10 ,23/10 og 4/12



# Familie-nytt



## BRUVIK

### Døypte:

10.07 Jørgen Hannisdal

### Vigde:

06.08. Anne Gurine Bråstein Økland og Kjetil Morten Mortensen

### Gravlagde:

19.07. Sigurd Løtveit (f. 1913)

## HAUS

### Døypte:

22.07 Helene Bøe

22.07 Linda Bøe

24.07 Kristian Romslo (døypt i Egge kirke)

07.08 Eva Tennebekk Vate

### Gravlagde:

12.07. Johannes Litangen (f. 1940)

13.09 Rune Johanson (f. 1954)

## GJERSTAD

### Døypte:

28.08. Thea Dyrkolbotn Holsen

### Vigde:

27.08. Camilla Hagebø og Helge Espenvoll

### Gravlagde:

21.07. Johan Jacobsen (f. 1918)

30.08. Borghild Oliva Greve (f. 1904)

16.09 Sverre Vevletveit (f. 1917)

## HAMRE

### Døypte:

26.06 Ylva Svenson Øksnes

03.07 Sunniva Berg-Nilsen (døypt i Selja kloster)

14.08. Ruben Øksnes Lund

27.08. Celina Lilletvedt Drange

11.09 Nicolai Thunestveit Johannessen

### Vigde:

13.08 Camilla Nymark og Ørjan Holsen

### Gravlagde:

14.07. Nils Brakestad (f. 1916)

26.08. Malene Mosevoll (f. 1908)

01.09. Magnus O. Raknes (f. 1913)

### Bisette:

25.08. Torbjørg Kronen (f. 1926)

## HOSANGER

### Døypte:

10.07 Patrik Bjørkheim Kleppe

31.07 Jonas Skjerven

### Vigde:

09.07 Lillian Ugedal og Bjørn Øvsthus

### Gravlagde:

03.08. Gunnel Alice Tveiten (f. 1936)

09.08. Sigurd Olsnes (f. 1913)

11.08. Einar Magne Bernes (f. 1954)

### Bisette:

12.08. Borghild Bysheim (f. 1911)

## Ein liten tone

Eg er ein liten tone  
i Himmlens symfoni.  
Den reine fine klangen  
la Gud i sjela mi.  
Kor stort det er at Jesus  
kan bruka vesle meg.  
Eg er ein liten tone  
i himmelharpa eg

Når Jesus får ta hand om  
dei evner som eg har,  
då vert mitt liv ein lovsong,  
då får Guds kjærleik svar.  
Kor stort det er at Jesus  
kan bruka vesle meg.  
Eg er ein liten tone  
i himmelharpa eg.

Haldis Reigstad  
frå "Under ein open  
himmel" 1987.



# Velkommen til kyrkja

## 20.sundag etter pinse. 2.oktober ; Mark.2,1-12

Hamre kl.11.00.	Høgmesse. Skeie. Dåp. Nattverd. Takkoffer til NLA.
Gjerstad kl.19.00.	Lovsongskveld.
Hosanger kl.11.00.	Høgmesse. Melve. Dåp.Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Bruvik kl.17.00.	Gudsteneste. Melve. Takk- offer til kyrkjelydsarbeidet. Soknerådsval etter guds- tenesta og fram til kl.19.00.

## 22.sundag etter pinse. 16.oktober Ap.gj.17,22-32

Gjerstad kl.11.00.	Høgmesse. Melve. Natt- verd.. 50års konfirmantane møtest. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Hamre kl.11.00.	Hausttakkefest. Skeie.Dåp. Utdeling av Kyrkjeboka til fireåringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Soknerådsval.

## 23.sundag etter pinse, 23.oktober. Matt.18, 21-35

Hosanger kl.11.00.	Høgmesse. Skeie. Dåp. Takkoffer til Kirkens Bymisjon i Bergen. Soknerådsval.
Haus kl.17.00.	Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til kyrkjelyds- arbeidet. Osterøy kyrkjekor syng. Soknerådsval.

## Bots - og bededag, 30.oktober. Luk.18,1-8.

Hamre kl.11.00.	Bededagsgudsteneste. Skeie.
Bruvik kl.11.00.	Bededagsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Haraldsplass diakonale sjukehus

## Laurdag 5.november

Hosanger kl.17.00.	Minnegudsteneste. Songalar frå Osterøy kyrkjekor.
Gjerstad kl.17.00.	Minnegudsteneste for Gjerstad, Haus og Bruvik. Songalar frå Osterøy kyrkjekor.

## Helgemesse, 6.november. Matt.5,1-12.

Hosanger kl.11.00.	Høgmesse. Skeie. Natt-
--------------------	------------------------

verd. Takkoffer til Nord-  
hordland Indremisjon.

Høgmesse. Melve. Natt-  
verd. Takkoffer til  
Sjømannskyrkja.

Hamre kl.16.00.  
Gjerstad kl.19.00  
Lovsongskveld.

**26. sun. etter pinse, 13.november. Luk.17,20-30.**  
Gjerstad kl.11.00.  
Familiegudsteneste. Skeie.  
Sundagsskulens dag.  
Osterøy kyrkjekor. Takk-  
offer til Bergen sundags-  
skulekrins. Kyrkjekaffi.

## Siste sundag i kyrkjeåret (Domssundagen)

### 20.november.Matt.25,31-46.

Haus kl.11.00.  
Familiemesse. Melve.  
Nattverd. Utdeling av  
Kyrkjebok til fireåringane.  
Sundagsskulens dag. Takk-  
offer til arbeidet blant born  
i kyrkjelyden.

## 1.sundag i advent, 27.november. Luk.4,16-22a

Bruvik kl.11.00.  
Familiegudsteneste.  
Melve. Utdeling av Kyrkje-  
bok til fireåringane. Takk-  
offer til Frivillighets-  
sentralen på Osterøy.

Hamre kl.11.00.  
Familiegudsteneste. Skeie.  
Takkoffer til kyrkjelyds-  
arbeidet. Konfirmantane  
deltek.

Haus kl.19.00.  
Lysmesse. Melve Konfir-  
mantane deltek. Takkoffer  
til kyrkjelyden sitt  
misjonsprosjekt.

## 2.sundag i advent, 4.desember. Luk.12,35-40

Hosanger kl.11.00.  
Familiegudsteneste. Skeie.  
Utdeling av Kyrkjebok til  
fireåringane. Takkoffer til  
Osterøy Sundagsskulelag.

Gjerstad kl.19.00.  
Lysmesse. Gudstenesteleiar  
Alf R. Kallestein og  
kateket Mia Krüger. Takk-  
offer til Redd barna.

## 3.sundag i advent, 11.desember.Matt.11,11-19

Hamre kl.11.00.  
Høgmesse. Skeie. Osterøy  
kyrkjekor. Nattverd. Takk-  
offer til Nordhordland  
indremisjon.

Gjerstad kl.11.00.  
Høgmesse. Melve.

Nattverd. Takkoffer til  
Children at Risk  
Foundation.

#### Laurdag 17.desember

Gjerstad kl.19.00

"Vi lovsyng jula inn "

Kyrkjeskyss  
til Hosanger  
frå Tysse,  
ring  
Olav Meltvik,  
tlf. 56 39 52 27.

#### 4.sundag i advent, 18.desember.Joh.3,26-30

Tysse bedehus kl.11.00. Gudsteneste. Melve.

Bruvik kl.17.00.

Lysmesse og julekonsert.  
Konfirmantane deltek.

#### **Bispevisitas på Osterøy**

1.- 5. februar 2006 kjem biskop Ole Danbolt Hagesæter  
på visitas til Osterøy. Programmet for visitasen er ikke  
fastsett enno, men me veit at i februar neste år vert det  
visitas!

#### **Kyrkjeskyss til Haus kyrkje**

Desse personane kan kontaktast  
pr. telefon:

Berit Torp 56 39 03 59

Einar Johnny Selvik  
98 06 48 54

Sigrid Mjelde  
56 39 01 04

#### **Kyrkjeskyss til Bruvik**

Ring Wenche Fiskesteth  
tlf. 56 39 18 21  
Otto Mo tlf. 56 39 19 42

#### **KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD**

For dei som ynskjer å koma til  
kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til  
ein av desse:

Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53

Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til  
kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om  
ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å  
gjera det.

# Nytt frå indremisjonen!

Denne hausten går Valestrand, Gjerstad  
og Hauge indremisjon saman om å ha  
møter annakvar onsdag i Hauge bedehus.  
Første møte går av staben 31. aug.

Me gler oss til å bli ei større forsamling og  
trur at dette vil vera både til glede og  
styrkja banda mellom oss. Me ønskjer alle  
velkomne til felles oppbygging i trua på  
Jesus og fellesskap med kvarandre.

Alle møta tek til kl. 19.30

#### Møteplan for hausten:

Dato: Talar

Onsdag 31. aug	Audun Hjellvik
Onsdag 14. sept.	Idar Simonsen
Onsdag 28. sept.	Arild Hetlebakke
Onsdag 12.okt.	Johannes Melve
Onsdag 26.okt	Glenn Nor-Varhaug
Onsdag 9. nov.	Helge Keilegavlen
Onsdag 23. nov.	Paul Odland
(kåseri om songforfattaren Fanny Crosby)	
Onsdag 7. des.	Bjarne Skjold

#### For styra:

Aksel Solberg og Madli Hannisdal

# Treng du nokon som forstår?

**Vi opplever som menneske tider i livet der vi treng nokon å snakka med, ikkje berre om dei daglegdagse ting som vedrører kvardag eller arbeid.**

Svært mange menneske i dagens samfunn slit med problem og vanskår som dei unngår å ta opp eller dela med andre. Terskelen for å innrømma at eg har det vanskeleg er høg hjå dei aller fleste. Vi vil ikkje vera til bry for andre. Samstundes er krava til oss i vårt velferdssamfunn at vi skal vera vellukka og perfekte. Stress, travelheit og krav er noko av baksida av velferdssamfunnet. Vi er oppdregne til å svara: "Jau, takk eg har det berre bra."

Kontakten på det mellommenneskelege plan er blitt mindre og mindre, og om den er der, så er den ofte overflatisk. Fleire og fleire opplever at presset og krava eller einsemda vert for stor belastning. Mange slit med sjølvbilde, kjensla av å ikkje strekkja til og å føla at ein er verd noko. Å oppleva at nokon bryr seg og at vi ser kvarandre er blitt mangelvare. Likevel er det ikkje alltid like lett å dela problem med nokon som kjenner oss godt. Av og til er det og godt å kunna søkja meir profesjonell hjelp hjå nokon vi har litt avstand til.

Det kan vera problem i samliv, på arbeidsplass, vonde livserfaringar eller spørsmål som har med tru og tvil å gjera.

- Sjelesorgsenteret på Haraldsplass: er eit tilbod til deg
- Som er i ein vanskeleg livssituasjon
  - Som ønskjer nokon å snakke med
  - Som har bruk for å bearbeida livserfaringar
  - Som er på leiting etter mening med livet og nytt livsinnhald
  - Søm ønskjer fornying og vekst i truslivet

Sjelesorg kan verka litt framandt på det moderne menneske, og er eit begrep som var brukt meir for ein del tiår tilbake. I dag er ordet diakoni meir vanleg å bruka: Omsorg for heile menneske. Målet med senteret er å vera eit senter for livsmeistring.

Du treng ingen henvisning for å komå dit og det er inga ventetid. Dei som arbeider der har variert yrkesbakgrunn; prestar, sjukepleiarar og høgskolelektorar og har lang erfaring i å veileda menneske både enkeltvis og familiar.

Sjelesorgsenteret er eit tilbod både for unge og eldre.

Telefon: 55979616  
eller e-post:  
[rest@haraldsplass.no](mailto:rest@haraldsplass.no)

I tillegg driv og senteret samlivskurs PREP som har som mål å vera førebyggjande og å fremja gode parforhold og å betra samlivet. Det er ope både for ektepar, sambuarpar og dei som har planar om å gifta seg.

Denne innbydinga og oppfordringa vil du finna på informasjonssida til senteret: Kom som du er. Det er alltid håp.

"Vi vil setja fokus på det positive og prøva å gi hjelp til meistring i alle situasjonar", seier Øystein Rønhovde, høgskolelektor ved NLA lærarhøgskulen, som dette året skal ha sin arbeidsplass på Sjelesorgsenteret. Han har lang erfaring både som lærar og veiledar for studentar og vil vera ein av dei mange du vil finna der. Han skal og vera med å driva samlivskursa. Han fortel om gode tilbakemeldingar frå folk som har vore i kontakt med senteret og fått hjelp til å koma vidare.

**Madli Hannisdal**

# Fitje søndagsskule

av Reidun Vevle

Viss du ser at det står parkert  
nokre bilar utanfor Fitje  
bedehus ein søndags  
føremiddag i 11-tida, kan du  
vera nokså sikker på at då er  
det søndagsskule.

Annankvar søndag (slik omtrent) fra midten av september til midten av mai samlast nemleg ein fin flokk med gutter og jenter til søndagsskule. Det kjem ikkje like mange kvar gong, men vanlegvis er vi mellom 10 og 15 born. Dei minste som vi reknar som søndagsskuleborn er 2-3 år, men det har ofte hendt at ein liten babybror -eller syster har fått vera med, og det går heilt fint. Dei største går i 7. klasse, så ein kan trygt sei at ingen er for stor og ingen er for liten til å koma på søndagsskulen. (Det er jo forresten det som er så godt i Guds rike at ingen er for stor og ingen er for liten, ingen er for klok eller for dum til å vera med der. Vi har bruk for Guds frelse alle)

På ein måte kan vi kalla søndagsskulen ei lita gudsteneste i den forstand at vi har eit fast "program". I vår søndagsskule opnar vi alltid med songen: "Vi har tent eit lys, sett det midt i ringen. Tenk at Jesus kjær midt iblant oss er." Etterpå les vi i lag ei avkorta truedkjennung, og vi vert alltid minna om Jesus sine ord om når han tok imot småborna: "Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje, for Guds rike høyrer slike til".

Til kvar søndagsskule høyrrer det ein "preiketekst". For ein del år sidan investerte vi i Betty Lukens sin store flanellografserie, og der finn vi mange flotte figurar å illustrera teksten med. Og når sant skal seiast: Dei borna som går i Fitje søndagsskule er kjempeflinke til å sitja roleg og høyra!


Av og til syng søndagsskuleborna på Fitje slik at taket lettar seg lite grann. Andre søndagar vert det mest mumling. Slikt har med dagsformen å gjera, og den er ikkje lik kvar dag. Men du som har gått på søndagsskule for lenge sidan, vil nok kjenna att "Min båt er så liten" og "Kven har skapt alle blomane". Derimot song du kanskje ikkje "Hvem er jungelens konge" ??

Til slutt på ein vanleg søndagsskule får borna velja om dei vil arbeida med oppgåver til

teksten, spela spel eller teikna/farga.

Eit par gonger i året har vi søndagsskulefrukost. Det har vore veldig koseleg. Foreldra tek mat med, og når dette blir fordelt ut over eit langbord, vert det reine festmåltidet!

Om våren tek vi kanskje ein tur i fjellet eller marka der vi grillar pølser og leikar gøymespel mellom steinar og brakebusker. Ja, no veit du litt om Fitje søndagsskule. Vi ville bli veldig glade for å få fleire medlemer! Berre kom!!




# Et langt liv med Sjømannskirken

Ja, no er jeg kommet til veis ende med mine minner fra utallige besøk på sjømannskirken som sjømann. For meg har det vært en fin tid å grave i minnene og få lov å berette om dem. Noen av minnene har vært av en slik art at jeg har ikke vært sikker på om det var lurt å skrive om dem. Jeg har imidlertid valgt å berette om dem, selv om de har vært av personlig art. Det er med litt vemoed jeg må medgi at for øyeblikket er ”brønnen” tom-

En ting som har gledet meg er at mange totalt ukjente mennesker har tatt kontakt og fortalt at de har lest historiene mine med stor glede og takket meg. Det setter jeg stor pris på. Alle som fusker litt i skrivingen synes det er gildt at det de skriver blir lest.

En bieffekt av skrivingen for mitt eget vedkommende er at jeg har latt ”tankekverna” gå og blitt nødt til å stille meg selv en del spørsmål: Hva har kjerka betydd for meg? Hvor ville jeg vært i dag uten de impulsene jeg mottok? Svarene er nok hypotetiske, men jeg kan slå fast at selv om jeg hadde liggende barnetroen gjemt langt bak i underbevisstheten, var jeg nok på vei til å bli det man kaller et ikke Guds beste barn. Ikke alt jeg foretok meg i unge dager er jeg like stolt over, ja mye vil jeg helst glemme.

I mine møter med kjerka ble det harde, tøffe skallet som litt etter litt hadde lagt seg rundt sjela mi sakte menn sikkert myknet opp. I møtet med menneskene på kjerka fikk jeg på en måte oppleve anvendt kristentro på en måte som gikk rett til hjertet mitt. Ikke minst måten å vise nestekjærlighet på og gleden ved



å få lov å tjene Herren. Aldri traff jeg gladere mennesker enn de ulike kirkefamiliene. Til tross for lange arbeidsdager og dårlig lønn hadde de alltid overskudd, alltid et smil på lur og alltid et trøstens ord til dem som trengte det. Ingen ble avvist om de hadde fått seg litt innabords, og det ble aldri gjort forskjell på skipper eller dekksgutt, og kjerka ble aldri stengt før siste sjømann hadde tatt kveld.

I dag er det mange som stiller spørsmålet: Har vi bruk for kjerka i dag? Ut fra mine

erfaringer må jeg si at svaret er ubetinget JA!! Riktignok er den norske handelsflåten bare en brøkdel av hva den en gang var, i allefall når det gjelder antallet norske sjøfolk.

I dag har imidlertid reisemønsteret utviklet seg slik at mange nordmenn bosetter seg i utlandet for kortere eller lengre tid. Noen for å tilbringe deler av pensjonisttilværelsen i varmere strøk, noen for å utdanne seg andre igjen for å jobbe. Man har kunnet lese at enkelte familier har kommet i sosiale uføre, hvor ubegrenset tilgang på billig alkohol har skapt problemer ikke minst for mindreårige barn. Her mener jeg at kirken har en viktig misjon som ballast og nødhavn når det trengs.

Et annet eksempel på hvor nyttig kjerka er, fikk vi se under tsunamikatastrofen. Der mange mener at den norske staten sviktet, tro kjerka til. Der var mange som der fikk trøst og sjelesorg i en utrolig tung tid. Kjerkas lokalkunskaper og ubyråkratiske lederstil og ikke minst nestekjærlighet gjorde at ikke mange timene etter ulykken hadde de folk på stedet

Jeg vet at kjerka sliter tungt økonomisk. Bortsett fra lønnen til prestene, er driften for det meste basert på frivillige gaver. Derfor oppmøder jeg alle kirkene på Osterøy eller andre steder hvor denne epistel leses: Gi et offer eller en annen gave til kjerka. Behovet er stort

Takk for denne gang, og føl dere ikke trygge for jeg ikke en gang i fremtiden griper fatt i ”pennen” igjen hvis anledningen byr seg.

Einar J. Selvik

# Raknestundagen

Av Elna Mjelstad

Søndag 21. august var me samla på "Tunet" for å feira dagen. Møtet tok til kl. 11.00 med mykje folk både i møtesal og matsal, og nokon var ute og hørde gjennom högtalar.

På føremiddagsmøte fekk me fin song av Marit Kobbervik Alnes og Elisabet Birkeland og fint tonefylge ved Elisabet Fiske. Før Willy Landro talte, gjekk borna i peisestova og hadde sine aktivitetar saman med sine leiarar.

Willy Landro talte over dagens tekst som var om den barmhjertige samaritan. Han spurde m. a. om vi som kristne kunne kalle oss for en barmhjertig samaritan og brydde oss om vår neste, eller hadde og har vi nok med oss sjølve. Han gav oss noko å tenkje på.

I matpausen var det fin sol, og betasuppe og kaffi og kaker kunne nyttast ute. Pølse, is og brus gjekk og ned på høykant, Disse og trampoline var flittig i bruk av den yngre garde og hønsene fekk og besøk.

Familiemøte tok til kl. 14.30, og då var det song av dei som hadde vore på leir i sommar, både deltakarar og leiarar. Vi fekk både sjå og høyra kva dei song.

Willy Landro talte på familiemøte om lyset som måtte

skinne. Han tente eit lys og viste oss korleis det gjekk når han sette det under ei "skjeppe". Det slokna jo, for det fekk ikkje "næring". Når vi skal lyse som kristne, må vi også ha "næring", og det får gjennom bøn og Guds ord. Han ba oss være lysende kristne, og alle som kunne reise seg var med og sang: "Dette vesle ljuset mitt, det skal skina klårt." Vi fekk og sjå ein video frå leirarbeidet i sommar, og der var mykje "lått og løyje" Flott arbeide, og det var "ettåring" Bodhild Fjellveit som hadde laga dette.

Det var Jostein Hauge som sat på pianokrakken og spela inspirerande til songane på begge møta.

Har du vore på leirstaden Raknestunet? Hvis ikkje må du ta deg ein tur og sjå området, og er du glad i mur av naturstein må du ihvertfall gjere det.

Inngangspartiet ynskjer deg velkommen med ein flott mur og portal, og går du inn på plassen vil du sjå ein lang mur som skil mellom terrenget og plassen. Stein har dei fenge gratis hjå Roger Hartveit. Mons Teigland har stått for muren. Dette arbeidet er gjort av duggnadsfolk, så duggnadsånden er ikkje forbi.



## SOKNERÅDSVALET 2005

Det skal haldast soknerådsval i Bruvik sokn 9. oktober, etter gudstenesta fram til kl. 19.00.



Valg 2005

i Hamre sokn 16. oktober etter gudstenesta fram til kl. 13.00.

i Hosanger sokn 23. oktober etter gudstenesta fram til kl. 13.00

i Haus sokn 23. oktober etter gudstenesta fram til kl. 19.00.

Veljarar som er forhindra frå å møta fram til nemnde tider kan førehandsrøysta på kyrkjekontoret frå 26. september måndag til fredag kl. 09.00 – 15.00.

Det skal veljast 8 medlemmer og 5 varamedlemmer til kvart sokneråd, i Bruvik 6 medlemmer og 5 varamedlemmer

Alle som har stemmerett ved andre offentlege val, og som er medlem i Den norske kyrkja, har stemmerett ved soknerådsvala. Medlemskap i Den norske kyrkja kan kontrollerast i det kyrkjelege manntalet som er lagt ut på kyrkjekontoret.

15. september. 2005  
sokneråda i  
Bruvik, Hamre, Hosanger og  
Haus.

# Min salme

*Kjem denne gongen frå Britt Rød som vart utfordra av Synnøve Daltveit*

Min salme er henta frå Barnesalmeboka nr. 135. Den står og i Norsk salmebok på nr. 499. Sidan eg har born sjølv og arbeider med born, er det naturleg å velja ein salme for nettopp borna. Eg lærte denne salmen av elevane mine for ein del år tilbake. Vi song den ofte saman, og eg har sunge og syng den framleis som kveldsbøn for mine born.

Vi er rike på salmeskattar, men som barn kan det vera vanskeleg å forstå orda og kva salmediktaren gjerne vil ha fram i teksten sin.

”Alle har hast” er ein salme av Britt G. Hallqvist frå 1958. Omsett i 1973 av Olaf Hillestad. Melodien er av Egil Hovland frå 1977. Teksten er enkel og lettfatta å forstå. Det fine med den er at den kan vera aktuell både for liten og stor.

*Alle har hast, ingen har tid,  
alle har sitt å gjøre.*

*Hvem bryr seg om at jeg er redd?  
Ingen har tid til å høre.*

*Gud har jo tid, evighet, ja,  
tid til å lytte stille.*

*Han gjør meg glad når jeg er redd,  
når jeg har stelt meg ille.*

*Hører du, Gud?  
Om jeg var slem,  
er jeg jo en av dine !  
Alt blir så trygt  
når bare du  
holder i hendene mine.*

**Eg vil utfordra Kitty Hanstveit.**

## Soknerådsval i Gjerstad sokn

Gjerstad sokn var denne gongen med på ei prøveordning med soknerådsval samstundes med stortingsvalet. Dette var utfrå eit ynskje om å få auka valdeltakinga.

Det skulle også veljast 4 medlemer for 4 år, og 4 medlemer samt 5 varamedlemer for 2 år. Valdeltakinga denne gongen var på 11.2%. Til samanlikning var deltakinga ved forige soknerådsval 3,9 %.

### Resultatet av røystinga vart slik:

Medlemar vald for 4 år: 2006-2009  
Torstein Raknes, 5281 Valestrandsfossen

Roald Hauge, 5281 Valestrandsfossen  
Roger Breivik, 5282 Lonevåg  
Erna Lone, 5282 Lonevåg  
Medlemar vald for 2 år: 2006-2007  
Ingun Mæstad, 5282 Lonevåg  
Anne Berit Greve, 5282 Lonevåg  
Britt Margun Rød, 5281 Valestrandsfossen  
Anna Cecilie Skeidsvoll, 5282 Lonevåg  
Varamedlemar vald for 2 år: 2006-2007  
Kjellaug Hartveit, 5282 Lonevåg  
Torill Kalland, 5282 Lonevåg  
Rolf Kalland, 5281 Valestrandsfossen  
Oddmund Vevle, 5281 Valestrandsfossen  
Inge Halland, 5281 Valestrandsfossen

**Valliste til sokneråd i  
Bruvik sokn 9.oktober 2005**

1	Jon Sigmund Løtveit	65 år
2	Irmelin Hjelvik	37 år
3	Magne Vikne	51 år
4	Kari Bruvik	63 år
5	Tormod Småland	54 år
6	Tove Mostrøm Fjelstad	34 år
7	Trond Martin Olsnes	50 år
8	Grethe Lilleheil Ommedal	46 år
9	Eivind Hagenes	24 år
10	Eliane Mo	22 år
11	Frode Skaftun	46 år

**Valliste til sokneråd i  
Hamre sokn 16.oktober 2005**

1	Inge Arve Birkeland	51 år
2	Åshild Rød	32 år
3	Kristine Vedå	30 år
4	Merete Haugland Sleire	30 år
5	Ivar Vevle	41 år
6	Olaug Hartveit	44 år
7	Agnar Lutnæs	67 år
8	Åge Clausen	56 år
9	Kari Borge	32 år
10	Svein Olav Sandal	21 år
11	Sven Otto Rønhovde	61 år
12	Tove Klepsvik	52 år
13	Leif Harald Kallekleiv	41 år
14	Jostein T. Reigstad	45 år
15	Kristoffer Foldøy	56 år
16	Magnhild Daltveit	46 år
17	Kjartan Kallekleiv	46 år
18	Anne Grete Hartveit	36 år
19	Anette Bru	36 år

**Valliste til sokneråd i  
Haus sokn 23. oktober 2005**

1	Madli Kvamme Hannisdal	55 år
2	Magne Øyvind Antun	34 år
3	Audhild Pernille	
	Myklebust Torp	49 år
4	Ståle Daltveit	30 år
5	Sylvelin Torp	38 år
6	Einar Johnny Selvik	66 år
7	Bente Jorunn	
	Røskeland Vatle	40 år
8	Asle Zachariassen	19 år
9	John Hundhammer	30 år
10	Frode Johnsen	40 år
11	Trygve Solberg	59 år
12	Ottar Borge	51 år
13	Jørn Sakstad	43 år
14	Jorunn Sunde Lillejord	63 år

**Valliste til sokneråd i  
Hosanger sokn 23. oktober 2005**

1	Katja Litland	51 år
2	Atle Haukøy	62 år
3	Margaret Hanstvedt.	52 år
4	Alf Kallestein	62 år
5	Anita Thomassen	36 år
6	Ivar Magnus Tysse	30 år
7	Tove Strømme	49 år
8	Gaute Røslund	32 år
9	Agnar Mjøs	59 år
10	Marit Tepstad	53 år
11	Anne Mari Persen	61 år
12	Eve Tysse	53 år
13	Sally Tysse	69 år

# Orientering til veljarane

**TALET PÅ MEDLEMER:**

Det skal det veljast 8 medlemer og 5 varamedlemer til kvart av sokneråda. (I Bruvik 6 medlemer og 5 varamedlemer)

**RØYSTERETT:**

Rett til å røyste har kvart medlem i Den norske kyrkja

- som bur i soknet
- som innan 31.12.2005 vil ha fylt 18 år
- som ikkje er frådømd røysterett

**RØYSTESETEL:**

Ein skal nyta godkjend røystesetel som er lagd ut i vallokalet.

**RETTINGAR PÅ RØYSTESETELEN:**

Ein kan gjera rettingar på røystesetelen ved å

- stryke namn
- setje inn nye namn og angje kvar på lista namnet skal stå
- endre rekkefylgja på namna (gi kandidatane eit nyt nummer)
- kumulere namn på lista ved å skrive namnet ein gong til skrive "kum" ved namnet sette kryss ved namnet

NB: Det er bere dei øvste plassane på røystesetelen (motsvarande det talet medlemer og varamedlemer som skal veljast) som får røyster ved oppteljinga. Kumulering av namn ein sjølv fører opp på lista vert ikkje godtatt.

# *Haust*

*Telemark-lyrikaren Oddmund Haugen skriv slik om Hausten :*

Haustlandskap formidlar stemningar ein ser og kjenner inni seg. Ingen kan måle eit landskap meir fargerikt enn hausten. Det er ei årstid ein ber djupt i tanken. I haustlandskap finns menneske med gleder og sorger, med von og fortviling.

Hausten er ein brubyggjar mellom den sommaren som var og den sommaren som eingong skal kome. Haustlandskap er til for deg og meg. Vi treng ikkje frykte frostnettene så lenge haustlandskapet lever.

## *Lik ei bru*

Lik ei bru er hausten –  
kvilande mellom det som var  
og det som skal kome.

Ingen kan gå over haustbrua  
utan å tenkje tankar  
om mørker og ljós.

